

VEDTAK I KOMMUNESTYRE DEN 17.02.97:

LEIGEAVTALE

OM BRUK AV KVAMSDALS FARGERI PÅ MASFJORDNES (GNR 30 BNR 2 OG 5)

MELLOM

LEIGETAKAR: MASFJORDEN KOMMUNE

OG EIGAR : SISSEL HUSBY OG MAGNHILD KVAMSDAL HOPE

1. Kvamsdals Fargeriet er eit industrielt kulturminne av høg verdi. Dette er stadfesta av fylkeskultursjefen og fylkeskonservatoren i brev av 26.09.96.
2. Masfjorden kommune leiger Kvamsdals Fargeriet for å gjera det til museum. Føremålet er å halda fargeriet i hevd og syna fram korleis ei industriell småverksemd for farging av tøy og garn var bygd opp og vart drive.
3. Leigeavtalen omfattar eit tohøgda hus i mur og bindingsverk frå 1904 med maskiner reiskap for handsaming av tøy, ein stor skorstein frå 1915 og eit lite skur. Leigeavtalen omfattar ikkje bustadhuset.
4. Leigetida er tidsavgrensa til 40 år - førti år - med høve til fornying.
5. Leigesummen vert kr 2.000 pr år med høve til regulering for kvar av partane med varsel to år i førevegen.
6. Leigetakar får ansvar for å halda bygning og reiskapar ved like for å motvirka forfall.
7. Leigetakar kan ikkje gjera bygningsmessige endringar utan godkjenning av eigarane. Utleigar kan heller ikkje gjera bygningsmessige endringar som skiplar anlegget her, medrekna bustadhuset.
8. Vedlikehalds- og utbetningsarbeid skal ikkje redusera verneverdien til kulturminnet. Ved generelt vedlikehald, vel ein å reparera framfor å skifta ut bygningsdelar. Dersom det vert naudsynt med større reparasjonar, må ein ta omsyn til det eksisterande, og så langt råd er nytta same løysingar og materialar som før. Kulturseksjonen i fylket gjev fagleg hjelp.
9. Leigetakar kan leggja til rette for omvising i fargeriet og opplæring som er relevant i høve til føremålet.
10. Leigetakar har ansvaret for naudsynleg trygding av kulturminnet og for tryggleiken i lokala. Ingen av maskinene skal startast opp eller verta tekne i bruk før sertifisert personale har godkjent at dei er i orden i fylgje vedtekter.

Framhald leigeavtale Kvamsdals fargerri og Masfjorden kommune

11. Utleigarane har ansvar for å rydda og klargjera lokala. Alle gjenstandar, reiskap og maskiner som står i samband med produksjonen blir ståande.
12. Leiaren i styret vert ansvarleg overfor utleigarane.
13. Innan to år etter at avtalen er underskriven , skal partane oppsummera status for tilrette legging og bruk av kulturminnet og evaluera leigeavtalen.
14. Avtalepartane kan seia opp avtalen med to års varsel dersom føresetnadane og vilkåra i ikkje vert oppfylte.

For utleigar, dato:

Kjell Løvik
ordførar

For leigetakar, dato:

Sissef Husby

Magnhild Kvamsdal Hope